

ÅRBOK FOR KARMSUND 1984 — 1986

KARMSUND FOLKEMUSEUM

Haugesund 1986

Haugesund Bok & Offset A/S

Svein Steinsnes 1898-1986



Med Svein Steinsnes' bortgang, i en alder av 88 år, er eit langt og verksamt liv til ende.

Som jurist hadde han særleg godt tak på gards- og bygdespørsmål. Som samfunnsborgar fekk han dei høgste tillitsyrke i lokalsamfunnet.

Karmsund Folkemuseum si samling av jordbruks- og gardsreiskapar, som er av dei største i landet, er komen i stand ikkje minst ved Svein Steinsnes sin innsats gjennom Museumslaget for Haugesund og bygdene.

Svein Steinsnes har også dreve ei gransking på reiskapar frå Karmsund-garden som har vekt åtgaum og som har gjeve han så godt vitskapleg omdømme ut over både Norge og Norden. Ein skal kunna sjå Svein Steinsnes sine granskningar kring reiskapskulturen i Karmsund-jordbruket som overlag verdfullt tilskot til norsk kulturhistorie. Ein ser då også både her heime og ute i Europa korleis reiskapsgranskarar gjerne viser til Svein Steinsnes sine vurderingar.

Som med reiskapar, slik også med anna som har samband med gard og bygd. Med utgangspunkt som bondeson frå Steinsnes i Skåre, med nyfiken interesse ned til detaljar i det vesle samfunnet, og med det grundige som særkjenne, kom han til å odla åkrar som ettertida får hausta rikt frå.

Svein Steinsnes dreiv ikkje flagparade på heilstang med sine kulturhistoriske kunnskapar og sin vitskaplege innsikt. Smålåten va lag og lynde, men ruvande i sin kulturhistoriske innsats.

Jon Bergsåker